

Protokoll: Årsmøte i Seniornett Førde 19. mars 2026

Møtestad: Førdehuset Musikkrommet

SAKLISTE

Sak 0: Opning av årsmøtet 2026 ved styreleiar Knut Johan Mikkelsen

Leiaren ønskte velkommen til møtet. 29 frammøtte

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent utan merknad

Sak 2: Val av møteleiar

Arne Sandnes vart vald

Sak 3: Val av referent

Egil Nestande vart vald

Sak 4: Val av to medlemmer til å skrive under møteboka saman med møteleiar

Birte Bjørbæk Stensrud og Bjørg Ladehaug vart valde

Sak 5: Styrets årsmelding for 2025

Møteleiaren gjekk detaljert gjennom årsmeldinga. Det kom spørsmål om antal kursdeltakarar. Oppgitt antal 43 skal vera rett.

Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig godkjent

Sak 6: Rekneskap og revisjonsmelding for 2025

Kasserar Kurt Grønli presenterte det reviderte rekneskapet.

Rekneskapet for 2025 viser eit overskot på kr 13 568,60.

Bokført kapital (bankinnskot) per 31.12 2025 er kr 201 461,94.

Vedtak: Rekneskapet for 2025 vart einstemmig godkjent.

Sak 7: Fastsette kursavgift 2026/2027,

Forslag frå styret: kr 350.

Vedtak: Kursavgift for 2026/2027 blir kr 350.

Sak 8: Arbeids- og aktivitetsplan for 2026/2027

Innstilling frå styret: *Styret ber årsmøte delegere denne oppgåva til nytt styre.*

Styret må i samarbeid med instruktør og medlemmar, utarbeide ny aktivitetsplan for haust 2026 og vår 2027. Samstundes må styret arbeide vidare med innhaldet i

kursplanen, slik at den møter søknadskriteria for studieforbundet.

Vedtak: Innstillinga frå styret vart vedtatt med nokre kommentarar, som vart avklara i møtet.

Sak 9: Behandle innkomne saker

Styret har meldt inn to saker: 9.1. Endring av vedtektene, og 9.2. Innkjøp av VOX-lydutjanningsanlegg

Sak 9.1. Endring av vedtektene.

Seniornett Norge vedtok på landsmøtet 23. mai 2025 nye mønstervedtekter for Seniornettforeiningar. Nye vedtekter for Seniornett Førde er basert på desse mønstervedtektene, og vart sendt ut til medlemmene i samband med innkalling til årsmøtet 2026.

Styrets innstilling: *Årsmøtet godkjenner «Nye vedtekter for Seniornett Førde basert på mønstervedtekter vedtatt på Seniornetts landsmøte 2025.»*

Vedtak: Innstillinga frå styret vart einstemmig vedtatt

Sak 9.2: Innkjøp av VOX-lydutjamningsanlegg.

Styrets innstilling: *Nytt styre får fullmakt til å bruke inntil kr 30.000 til innkjøp av VOX-lydutjevningssanlegg med mygg og mikrofon.*

Vedtak: Innstillinga frå styret vart einstemmig vedtatt.

Sak 10: Godtgjersle til tillitsvalde

Innstilling frå styret: kr. 500, dvs. det samme som før. Forslag frå salen kr. 1000.

Vedtak: Forslaget om kr. 1000 vart vedtatt med 15 mot 8 stemmer.

Sak 12: Budsjett for 2025

Kasseraren la fram eit budsjett med ein sluttsum på kr 114 400,00.

Budsjettet er basert på rekneskapet frå året før og tidlegare. Etter vedtak i sak 9.2 og sak 10. vart budsjettet justert til totalsum kr. 143 400 og eit resultat på **-kr 34000**

Vedtak: Justert budsjettet for 2026 vart einstemmig vedtatt og er slik som vist på side 3.

Sak 13: Val.

Valkomiteen har hatt store problem med å folk som tillitsvalde. Med god hjelp frå Monrad hadde valkomiteen ei innstilling, men fleire vegra seg i høve til innstillinga. Det enda med at Jorunn Skogen tok ansvar for å bli leiar i eitt år, og Bjørg Ladehaug var villig til på nytt å bli styremedlem. Nytt styre med varamedlemmer vart slik:

Leiar:	Jorunn Skogen	ny	vald for 1 år
Medlemmer:	Ingunn Ramstad	ny	vald for 2 år
	Bjørg Ladehaug	ny	vald for 2 år

Varamedlem:	Reidun Naustdal	ny	vald for 1 år
	Kjell Olav Slotterøy	ny	vald for 1 år

Revisor:	Jon Gunnar Løland		attval 1 år
----------	-------------------	--	-------------

Valnemnd:

Leiar:	Anlaug Midtbø		ikkje på val
Medlem:	Magny Grimeland		attval 2 år
	Oddny Rosenlid		attval 1 år
Varamedlem:	Dag Heggheim	ny	1 år

Vedtak: Jorunn Skogen vart vald til styreleiar. Alle andre val vart gjort einstemmig.

Avslutning:

Bjørg Ladehaug takka utgåande leiar Knut Johan Mikkelsen for hans fleirårige innsats som styreleiar. Likeins takka ho Kurt Grønli for tida som kasserar.


Egil Næstande

Referent


Arne Sandnes

Møteleiar


Bjørg Ladehaug

Seniornett Førde


Birte Bjørnbæk Stensrud

Protokoll årsmøte 2026

side 2

BUDSJETT 2026		
	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	15 400,00	
Officepakke	0,00	
Kaffipengar	36 000,00	
Kurstilskot Studieforbundet	22 500,00	
Medlemskontingent i Seniornett Norge	18 500,00	
Norsk Tipping - grarotandel	6 800,00	
Momskompensasjon	7 500,00	
Renter	2 700,00	
Godtgjerdsle til instruktører + medhjelpere		40 000,00
Servering		66 000,00
Eksterne kurs		0,00
Utstyr		30 000,00
Godtgjerdsle til tillitsvalde		4 000,00
Reiseutgifter		1 300,00
Andre utgifter		2 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		100,00
Resultat	34 000,00	
Sum	143 400,00	143 400,00